

Aktuelle øvingar på privatisteksamen

Fag: REA3011 kjemi 1

Informasjon

Alle måla i læreplanen er utgangspunkt for kva du kan blir spurt om på eksamen

Nedanfor finn du ei liste over kva som kan vere aktuelt som det praktiske innslaget på eksamen.

Du må vere budd på å bli eksaminert i variantar av øvingane du finn på liste. Det vil bli lagt vekt på at du kjenner utstyret og kan gjere greie for det som skjer.

Relevante tabellar og formlar vil vere tilgjengelege på eksamen.

Liste over aktuelle øvingar

1. Molekylbyggjesett

- Byggje enkle organiske og uorganiske molekyl
- Visa og forklara bindingstypar og isomeri

2. Reaksjonsfart

- Føreseie og vise korleis ulike faktorar påverkar reaksjonsfarten
- Skrive reaksjonslikningar

3. Kjemisk jamvekt

- Føreseie og vise korleis ytre inngrep påverkar ei jamvekt
- Skrive reaksjonslikningar

4. Felling

- Føreseie og vise kva som skjer ved blanding av saltløysningar
- Skriva reaksjonslikningar

5. Tillaging av løysningar

- Fortynna løysningar til ynskt molaritet eller laga dei frå fast stoff
- Gjere utrekningar

6. Protolyse av salt og gassar i vatn

- Føreseie og vise korleis pH blir endra
- Skrive reaksjonslikningar

7. Syre-basetitrering

- Planleggje og gjennomføre syrebasetitrering
- Skrive reaksjonslikningar og grunngje val av indikator

8. Eigenskapar hjå alkoholar

- Føreseie og vise løysingsevne og viskositet hjå alkoholar
- Skrive strukturformlar

9. Identifisering av løysingar

- Planleggje og gjennomføre testar for å kome fram til kva som er kva ut frå eit gjeve sett med løysningar
- Skrive reaksjonslikningar

10. Hydratiserte salt

- Føreseie og vise entalpi- og entropiendringar ved fjerning/tilføring av krystallvatn
- Skrive reaksjonslikningar og vurdere spontanitet